



Masfjorden kommune  
Helse- og omsorgstenesta

# **Retningsliner for tildeling av omsorgsbustad**

## **Innhald**

Kapittel 1 Innleiande reglar.....	3
1. Føremål.....	3
2. Verkeområde .....	3
Kapittel 2. Omsorgsbustad – målgruppe og tildelingskriteriar .....	3
3. Målgruppe for omsorgsbustad .....	3
4. Grunnkrav for tildeling av omsorgsbustad .....	3
Kappittel 3 Gjennomgangsbustad for vanskelegstilte og prioritering .....	4
5. Bruk av omsorgsbustad som kommunal gjennomgangsbustad.....	4
6. Prioritering.....	4
Kapittel 4 Sakshandsaming.....	4
7. Vedtak.....	4
8. Leigetid .....	5

# **Kapittel 1 Innleiande reglar**

## **1. Føremål**

Retningslinjene her har til føremål å legge til rette slik at omsorgsbustad og omsorgsbustad pluss vert leigd ut med formål om å hjelpe dei som har behov for særskild tilpassa bustad, og slik legge til rette for at desse kan bli buande i eigen heim. Omsorgsbustader kan også leigast ut som kommunal gjennomgangsbustad til personar som treng hjelp til å skaffe seg bustad av andre helsemessige eller sosiale grunner.

Å skaffe seg ein bustad er i utgangspunktet eit privat ansvar, og kommunale bustadar er ikkje ein lovfesta rettigheit. Kommunalt disponerte bustader skal vere eit verkemiddel for å hjelpe særskilt vanskelegstilte inn på bustadmarknaden. Kommunen pliktar å medverke til å skaffe bustader til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, det vil sei bustad som er spesielt tilpassa for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemmning, eller av andre årsaker.

## **2. Verkeområde**

Retningslinja gjeld for tildeling av bustader som er definert som omsorgsbustad i Masfjorden kommune. Retningslinja gjeld ikkje for tildeling av andre kommunale bustader.

# **Kapittel 2. Omsorgsbustad – målgruppe og tildelingskriteriar**

## **3. Målgruppe for omsorgsbustad**

Omsorgsbustad er eit tilbod til personar som på grunn av alder, helse, funksjonshemmning, m.m. har eit omfattande behov for ein tilrettelagt bustad med heimebaserte helse – og omsorgstenester i, eller i nærlieken av bustadane, og som er avhengig av praktisk eller personel hjelp for å klare dagleivets gjeremål. Bustaden kan vere frittståande eller ha fellesskapsløysningar, og kan tilknytt bemanning heile eller delar av døgnet.

## **4. Grunnkrav for tildeling av omsorgsbustad**

Følgjande kriterier blir lagt vekt på ved tildeling av omsorgsbustad:

- Søkjar må ha lovleg opphold i Noreg og ha folkeregistrert adresse i Masfjorden de siste 12 månadane forut for søknad, men mindre særlege tilhøve kan dokumenterast.
- Søkjar må vere fylt 18 år. Det kan gjerast unntak frå kravet om alder i særskilte tilfelle.
- Muligkeit for at ein kan fortsette å bu i opphavleg heim med bistand frå heimetenestene skal vere prøvd ut, samt vurdert som utilstrekkeleg for å ivareta søker sine behov.
- Søkjar er ikkje i stand til å ivareta seg sjølv i sin eigen heim med tilpassing av tenester.
- Noverande bustad er utforma på ein måte som gjer det vanskeleg for søker å bu der, og utbetring eller endring av bustaden vil vere ein urimeleg løysning.
- Søkjar er vurdert til å ha store vanskar med å skaffe seg eigna bustad på det ordinære marknaden

Søkjær si helse og sosiale tilhøve vert lagt avgjerande vekt ved behandling av søknad. Eit bustadbehov åleine gir difor ikkje rett til omsorgsbustad, og er forventa at det kan dekkast gjennom det ordinære bustadmarknaden. Søkjær som har omfattande behov og/ eller bistand frå hjelpeapparatet kan tildelast omsorgsbustad viss bustaden er viktig for å kunne gi eit heilskapleg tilbod, og når anna bistand ikkje er aktuell.

Tenestetilbodet sitt innhald og omfang følgjer av eigne vedtak som fattast av tiltaksrådet/ leiar forvaltning.

## **Kappittel 3 Gjennomgangsbustad for vanskelegstilte og prioritering**

### **5. Bruk av omsorgsbustad som kommunal gjennomgangsbustad**

Omsorgsbustader kan også leigast ut som kommunal gjennomgangsbustad til personar som treng bistand til å skaffe seg bustad av ulike helsemessige eller sosiale grunnar. Tiltaksrådet har vedtaksmynde for tildeling av bustad på andre vilkår utifrå ei individuell og heilskapeleg vurdering.

### **6. Prioritering**

Er talet på kvalifiserte søkerar fleire enn det er tilgjengelege bustader, må det gjerast ei prioritering mellom dei kvalifiserte søkerane. Tiltaksrådet har mynde til å gjera ei prioritering utifrå ei fagleg og heilskapleg vurdering i tråd med retningslinja.

Manglande kapasitet er ikkje avslagsgrunn for kvalifiserte søkerar, med unntak for søkerar som søker om byte av bustad. For dei som søker byte av bustad vert søknad avslått, dersom det ikkje er ledig kapasitet eller ikkje er teneleg for utleigesituasjonen i kommunen.

Kvalifiserte søkerar som ikkje vert prioritert skal settast på venteliste, dersom det ikkje er ledig bustad. Når det vert ledig bustad, vil den søker på ventelista som er vurdert å størst behov få tildelt bustad. Dette vert vurdert av tiltaksrådet utifrå ei fagleg og heilskapleg vurdering. Det betyr at dei som står på venteliste må pårekna at søker med større behov prioriterast framfor dei.

## **Kapittel 4 Sakshandsaming**

### **7. Vedtak**

Tiltaksrådet fattar vedtak om innvilga eller avslag på søknad om omsorgsbustad eller omsorgsbustad pluss i samsvar med retningslinja. Forvaltningskontoret sender ut vedtak til søker. Klage på vedtak sendast tilbake til forvaltningskontoret som handsamar klagen i samråd med tiltaksrådet. Dersom søker ikkje får medhald i klagen vert den sendt til kommunen sitt klageorgan, formannskapet for endeleg avgjerd.

## **8. Legetid**

Tidsbestemt leigeavtale vert gitt til søkerar med langvarige behov for omsorgsbustad eller omsorgsbustad pluss.

Tidsavgrensa leigeavtalar vert gitt til personar som ikkje er vurdert til å ha langvarig behov for omsorgsbustad eller omsorgsbustad pluss. Legetid kan ikkje settast kortare enn kva husleigelova opnar for.

